

Referat foreldremøte 6.9.18, 4.trinn

Felles for alle i aulaen. Rune Roaldsen informerer:

Ny kontaktlærer i 4C; Joakim Anti Tengesdal. Han startar i veke 37.

Motivasjon:

Elevane på Motland er mindre motiverte enn elevar i byen. Vi må gje ros for innsats, det vil føre til større motivasjon for elevane. Foreldre må vere med å framsnakke skulen og vise interesse for eleven sitt arbeid.

Trygt skulemiljø

Vi lager aktivitetsplanar i forhold til utfordringer på det sosiale,- med tiltak og evaluering. Lærarane er kursa på å avdekke mobbing, og arbeider heile tida for å ha trygt skulemiljø for alle.

Køyring til/ frå skulen:

Når haldningskampanjen var slutt i vår, auka køyringa igjen. Den store parkeringsplassen er offisiell av-/ og påstigningsplass. Vegen ved Fugleparken skal ikkje brukast til av-/ og påstigning.

Foreldresamarbeid:

På Motland skule er det obligatorisk med to utviklingssamtaler og to foreldremøte på eit skuleår. FAU skal diskutere om dette fortsatt skal vere slik.

Ny representant til FAU er: Carl Erik Aadnøy. (far til Tilla).
Vararepresentant er Bente Steinsland (mor til Tarjei).

Foreldra tok opp at det er lite penger i klassekassen.

I klasserommet. Kontaktlærer informerar:

Digitale program:

Lærarane fortalte om ulike digitale program, Aski raski, multi smart øving, screencastify og intowords.

Vekeplan:

Informerte om det som er nytt med vekeplanen. Den er nå digital og nivådelt (alle gjer grønt om ikkje anna er avtalt). I år skal ikkje måla leverast i slutten av perioden, men foresatte skal saman med eleven samtale om dei ulike måla på planen. Dette bør gjerast undervegs og i slutten av vekeplanperioden.

Ansvarlege elevar

Elevane skal verta meir ansvarlege, pakka gymklede osv sjølv. Dersom dei har gløymt noko, må dei gå heim og hente, eller sitje og sjå på gym/ symjing.